

# Kommunedelplan for klima, miljø og energi 2024 - 2031

## Tiltaksdel

Vedteke i kommunestyret 22.02.2024  
sak 6/2024





Nr.	Tiltak	Ansvar	Status
1	Overordna strategi for kommunen som organisasjon		
1.1	Kommunisere mål og strategi for klimaarbeidet i eigen organisasjon	Kommunen Leiargruppa	Løpande arbeid. Her har leiinga eit særleg ansvar
1.2	Inkludere og synleggjere ansvar for klima- og klimatilpassing i organisasjonen	Kommunen Leiargruppa	Løpande arbeid. Her har leiinga eit særleg ansvar
1.3	Inkludere og prioritere klimatiltak i kommunen sitt årshjul med budsjett og økonomiplan	Kommunen Leiargruppa	Løpande arbeid. Her har leiinga eit særleg ansvar
1.4	Ta i bruk klimabudsjettmodulen i Framsikt (klimarekneskap)	Kommunen Økonomi	Løpande arbeid. Her har leiinga eit særleg ansvar
1.5	Haldningsskapande arbeid i eigen organisasjon	Kommunen Leiargruppa	Løpande arbeid. Her har leiinga eit særleg ansvar
1.6	Inkluder klima- og berekraftsmål i opplæringsmateriell ved nytilsetting.	Kommunen Leiargruppa	Løpande arbeid. Her har leiinga eit særleg ansvar
1.7	Oppdater retningsliner og vedtekter for kommunale tilskotsordningar slik at berekraft, klima og energi er kriterium for tildeling	Kommunen	Løpande arbeid. Her har leiinga eit særleg ansvar
1.8	Etablere klima-, energi- og miljøgruppe i kommunen – eit møte i kvartalet	Kommunen Plan	Leiinga peiker ut deltakarar, plan leiar møta. Start 2024
1.9	Tilrettelegge for at tilsette kan sykle og gå på jobb	Kommunen	Løpande arbeid

1.10	Være ein aktiv pådrivar for den grønne smarte dalen. <i>Handlingsplan, Gudbrandsdalen 2023 Bærekraftig utvikling i Gudbrandsdalen.</i> <a href="https://static1.squarespace.com/static/631050e2e0f7ed44790ee5fe/t/641c200e8df3d535fe3acd81/1679564826475/Handlingsplan_Gudbrandsdalen+2030_Gudbrandsdalstinget_mars+2023.pdf">https://static1.squarespace.com/static/631050e2e0f7ed44790ee5fe/t/641c200e8df3d535fe3acd81/1679564826475/Handlingsplan_Gudbrandsdalen+2030_Gudbrandsdalstinget_mars+2023.pdf</a>	Kommunen	Løpande arbeid Her har leiinga eit særleg ansvar
------	---	----------	--

2	Stadutvikling, arealbruk og transport		
2.1	Bygge ut fleire el-bil ladarar i Vågå	Kommunen Teknisk Næringsliv	Løpande arbeid som er i gang
2.2	Kommunen lagar ein mobilitetsplan i tråd med Gudbrandsdalen 2030	Kommunen	Må vurderast nærare
2.3	Fortette og bruke eksisterande areal betre før det blir teke i bruk nytt ubebygd areal	Kommunen Næringsliv	Viktig føring for revisjon av kommuneplanens arealdel
2.4	Ikkje opne for nye område for fritidsbustader i urørt område. Må etablerast i tilknytning til eksisterande felt	Kommunen Plan	Viktig føring for revisjon av kommuneplanens arealdel
2.5	Identifiser og tilrettelegge klimavenlege og berekraftige næringstomter	Kommunen	Viktig føring for revisjon av kommuneplanens arealdel
2.6	Kommunen skal vurdere utbygging av fornybar energi opp mot ei berekraftig forvaltning av naturen, produktive landbruksområde og kulturmiljø høgt.	Kommunen	Viktig føring for revisjon av kommuneplanens arealdel
2.7	Kommunen skal vere restriktiv til omdisponering av matjord	Kommunen Plan Teknisk	Viktig føring for revisjon av kommuneplanens arealdel
2.8	Kommunen bygg ikkje ned skog, myr og andre karbonrike areal	Kommunen Plan	Viktig føring for revisjon av kommuneplanens arealdel
2.9	Kommunen skal utarbeide areal- og naturrekneskap når grunnlaget for dette er på plass – målsetting om å vere arealnøytral kommune	Kommunen Plan	Må vurderast nærare
2.10	Arealplanlegging og tiltak skal gjennomførast slik at fare for hendingar som følgje av naturfare og klimaendringar blir redusert	Kommunen Plan	Løpande arbeid

2.11	Kommunen skal ha eit regionalt perspektiv på arealplanlegging	Kommunen	Løpande arbeid
2.12	Delta i klimanettverk for auka kunnskap om klimatilpassing i arealplanlegging	Kommunen Plan	Løpande arbeid
2.13	Gjer digitale jobbmøte og jobbmøte utan flyreise til eit fyrsteval	Kommunen Innbyggjarar	Løpande arbeid

3	Forbruk, gjenvinning, ombruk og avfall		
3.1	Det mest effektive klimatiltaket er å få ned forbruket - viktig med haldningsskapande arbeid	Kommunen Innbyggjarar Næringsliv	Løpande arbeid
3.2	Kommunen skal støtte opp under gjenbrukssentraler og gjenbruksinitiativer	Kommunen	
3.3	Førebyggje avfallsproduksjonen med å auke andelen ombruk og materialgjenvinning og sikrar god utnytting av avfall	NGR	Løpande arbeid
3.4	Utarbeide retningslinjer for klimasmarte og berekraftige meny med mest mogleg kortreist mat i eigen organisasjon	Kommunen	
3.5	Reduser matsvinn i eigen organisasjon, barnehage, skule, kantine og sjukeheim	Kommunen	
3.6	Ha mål om sambruk av bygningsareal for å sikre betre utnytting av areal	Kommunen	
3.7	Kommunen vil utvikle NGR til eit selskap som ser på avfall som ein ressurs og moglegheit for næringsutvikling	Kommunen, NGR	Løpande arbeid

4	Klimavenlege anskaffelser		
4.1	Kommunen aukar den offentlege innkjøpskompetansen innan klima, miljø og energibruk	Kommunen	Løpande arbeid
4.2	Tilsette med innkjøpsansvar skal få opplæring i bruk av klimakrav og dokumentasjon i anbudsprosessar	Kommunen	Løpande arbeid
4.3	Inkludere retningsliner for klimakrav i rutinebeskrivelse og kravspesifikasjon for innkjøp	Kommunen	
4.4	Ver meir kritisk ved innkjøp – er det nødvendig å handle eller klarer vi oss med det vi har, ikkje handle meir enn det som er nødvendig	Kommunen	
4.5	Auka fokus på vedlikehald og reperasjon	Kommunen, frivillig organisasjonar Næringsliv	
4.6	Kommunen skal arbeide etter handlingsplanen Gudbrandsdal 2030 på grønne innkjøp og sirkulær økonomi	Kommunen	Løpande arbeid

5	Klimasmart jordbruk, skogbruk og næringsliv		
5.1	Legg til rette for at måla i landbruket sin klimaplan ( <a href="https://www.bondelaget.no/bondelaget-mener/miljo-og-klima/klima/landbrukets-klimaplan">https://www.bondelaget.no/bondelaget-mener/miljo-og-klima/klima/landbrukets-klimaplan</a> ) kan bli nådd	Kommunen, faglag	Løpande arbeid
5.2	Landbrukskontoret saman med faglaga legg til rette for kurs og fagdagar	Kommunen, faglag	Løpande arbeid
5.3	Oppfordre og legge til rette for klimarådgeving og bruk av klimakalkulator	Kommunen, faglag	Løpande arbeid
5.5	Auka fokus på klimautslepp og naturmangfald ved planlegging av hogst	Kommunen, Glommen Mjøsen skog	Løpande arbeid
5.6	Følg opp tiltak i "tiltaksplan for skogbruk for Innlandet fylke"		Løpande arbeid
5.7	Kommunen skal sette fokus på å auke bruken av fornybare utmarksressurser og såleis vere ein pådrivar for å føre mindre med regnskog og meir med gras"	Kommunen	Løpande arbeid



6	Energiforsyning og energibruk i bygg		
6.1	Energibruken i alle sektorar blir effektivisert	Kommunen Næringsliv	Løpande arbeid
6.2	Auka kompetanse på energieffektivisering og fornybare energikjelder. Solceller på offentlege bygg skal vurderast fortløpande	Kommunen Næringsliv	Løpande arbeid
6.3	Ein skal sørge for jamleg vedlikehald og ved planlegging av nye tiltak skal ein fyrst vurdere moglegheitene for attbruk og reparasjon	Kommune Næringsliv	Løpande arbeid
6.4	"Den Grøne tråden" – energileiing i Vågå kommune skal nyttast aktivt. Her er det lista opp mange tiltak. Ligg som vedlegg til plan.	Kommunen	Løpande arbeid

7	Natur, kulturmiljø og naturmangfold		
7.1	Kommunen skal bidra til vern av natur og landskap. Lokal involvering og medverknad skal sikrast i verneprosessar	Kommunen Plan	Løpande arbeid
7.2	Kommunen skal bidra til å fjerne svartlisteartar og unngå planting av nye	Kommunen Miljø	Løpande arbeid
7.4	Sette av areal for polinerande insekt. Viktig med informasjon i tilknytning til slike areal	Kommunen Teknisk Innlandet fylkeskommune	Under planlegging
7.5	Kommunen skal sikre bygnings- og kulturmiljø i kommunen	Kommunen Plan	Igangsett
7.6	Kommunen skal bruke planverket aktivt for å minimere ljøs- og støyforureining	Kommunen Plan	Løpande arbeid